

HALLINGSKARVET NASJONALPARKSTYRE

RAMMEAVKLARING FOR GJENNOMFØRING AV SKARVERENNET I HENHOLD TIL REGLANE I VERNEFORSKRIFTENE FOR HALLINGSKARVET NASJONALPARK OG FINSE BIOTOPVERNOMRÅDE

Verneforskrifta for Hallingskarvet nasjonalpark / Finse biotopvernområde seier:

Punkt 5.3 / 2.2 *"Skarverennet og Lordemarsjen kan gjennomføres i den form som arrangementa har på vernetidspunktet. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til endringar av arrangementa."*

Punkt 6.2.c / 3.2.b *"Reglane i punkt 6.1 (forbod mot motorferdsel) er ikkje til hinder for naudsynt motorisert ferdseil på vinterføre i samband med Skarverennet."*

Punkt 1.3.j *"Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til oppsetjing av midlertidige master for tryggleikssamband i samband med Skarverennet og Lordemarsjen"*.

Hallingskarvet nasjonalparkstyre reknar følgjande ramme som innanfor reglane for verneområda:

1. Maksimalt deltakartal er 10.000 for start ved Finse og 2200 for start ved Haugastøl.
2. Rennet følgjer trase Finse – Lengjedalen – Øvre Hellevatn – Bjødabu – (Haugastøl) – Raggemyran – Djuptjørn – Ustaoset. Konkret traseval avklarast kvart år med Statens Naturoppsyn.
3. Tidlegpreparering av trase dersom underlaget er svært laust grunna manglande frost i bakken. Tidlegpreparering og samtidig grovstikking kan då skje inntil 2 gonger i tida 1. mars – renndag. Grovstikking skal elles ikkje skje. Tidlegpreparering/grovstikking skal avklarast med nasjonalparkforvalter og Statens Naturoppsyn ut frå omsynet til villreinen. Vi viser til avtale mellom Geilo Idrettslag, Statskog og Ulvik herad om Skarverennet.
4. Finstikking av løypetrase tidlegast 8 dagar før renndato.
5. Løypepreparering tidlegast 5 dagar før renndato.
6. Utanom løypepreparering/stikking er naudsynt motorferdsel i samband med rennet følgjande:
 - a. Transport for rigging av drikkestasjonar, samt utstyr/drikke mm, tidlegast 5 dagar før renndato.
 - b. Transport av personell til dei 3 drikkestasjonane renndagen.
 - c. Transport i samband med tryggleikstiltak i samsvar med tryggleiksplan godkjend av lensmannen i Ulvik og lensmannen i Hol. I dette ligg også sambandsopplegg med naudsynt køyring langs løypetraseen, og transport og utplassering av mellombels mobilmaster. Plassering av mastene skal omsøkjast, jf verneforskrifta for Hallingskarvet NP.
 - d. Transport for opprydding renndagen og dagen etter renndagen.

Tiltak og motorferdsel ut over dette, samt endring av arrangementet, må søkjast Hallingskarvet nasjonalparkstyre i god tid før arrangementet.

Denne rammeavklaringen avløser avtale av 12.12.07 fra Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Buskerud.

Leder av Hallingskarvet Nasjonalparkstyre
Geilo 13.12.11